



RADØY KOMMUNE

Fylkesmannen i Hordaland
Landbruksavd
Pb 7310
5020 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.

06/318-38/08/7820//OTH


Dato:

Manger: 07.11.2008

OVERSENDING AV RAPPORT 2008

Vedlagt følger rapport for Sæbø landskapspark for 2008. Sæbø landskapspark har ikkje motteke tilskot frå prosjektet Landskapsparkar i 2008, slik at alle aktivitetane er finansiert frå andre tilskotsordningar, sponing frå det private næringsliv, inntekter ved sal av billetter, kommunalt tilskot osv.

Med helsing


Øyvind Thømt
Jordbruksjef

Rapport frå Sæbø Landskapsark 2008

Sæbø Landskapsark ser seg godt fornøgd med arrangementa i 2008

- Streif
- Opera i Solheimåsen på den nye scena
- Åpning av nettside
- Skipingsmøte
- Prosessar som er sett igang

Streif arrangement 30.april – 1.mai

Arrangementet var eit samarbeid mellom Sæbø Ungdomslag, Keipane Kystlag og Sæbø Landskapsark. Sæbø Landskapsark fekk utarbeidt programmet.

Med god omtale i avisene, annonsering og brosjyrar. så har Streif blitt eitt godt innarbeida arrangement som bygdefolk og besøkande set stor pris på.

Sæbø Ungdomslaget står for faste innslag i Ungdomshuset:

Frokost, middag, kaffe, kaker, utstilling av foto, maleri og teikningar: - og ikkje minst gode historier frå gamle dagar

Ute: Ungdomslaget arrangerar aktivitetar for born og unge.

Andre aktivitetar:

Tjore Gardsmat med lokalprodusert mat

Tjorehagen m/guida tur

Guttorm Storheim si utstilling av gamle motorar heime på Kalneset

Gro og Einar Borgund bidrar med guida tur og gammal historie fra Røysaflata, der fallosen står. Keipane kystlag arr div aktivitetar for borna i Sæbøvågen på "Slippen"

Nye Aktivitetar i år:

Kveldskonserten i kyrkja 30. april

Veteranbuss fra Bergen, et tilbud for tilreisande.

Aktivitetar for born på Solheim Gard

Den nye scen på Solheimåsen

Med god omtale i avisene og annonsering.

Søndag 17.august kl 21.00 var det åpning av den nye utescena på Solheimåsen.

Konserten "A Night at the Opera" var en stor suksess, med omlag

300 betalande personer. Fint vær og ein flott kveld med måneskinn, gjorde konserten fullkommen. Konserten fekk mange positive tilbakemeldingar.

Åpning av nettside

Sæbø Landskapsark har fått utarbeida si eigen nettside, og det står att små justeringar før vi er i mål, slik at nettsiden kan gjerast offentleg.

Skipingsmøte

Skipingsmøte i Sæbø Ungdomshus 6. Oktober 2008. Styret ble valt med 5 representantar og 2 vara. På første styremøte konstituerte styret seg sjølv. Fra bygda møtte ca 10 personer. Dirk Kohlmann, prosjektleder for landskapsark i Hordaland, var og til stades.

Prosessar/utgreiingar som er igang:

- Geohotell
- Opplæring av guider
- Turstiar og merking
- Overnatting – udersøking - rettleiing
- Gråsteinsmuring
- Rydding/skjøtsel av kulturlandskapet fleire stader i området
- Hjelp til etablering

Medlemmer

Det er registrert 31 medlemmer i Sæbo landskapsark, pr 07.11.2008

Britt Sissel Kvamme er inntil vidare engasjert som prosjektleiar (ca 20 %)

Aktivitetsrapport for Sæbø landskapspark - 2008

Tiltak - og aktiviteter	Tidsrom	Kostnad	Finansiering
Brosjyre om Sæbø landskapspark og STREIF, annonse avisar		22 999	SLP
Opning av kystsogevekene - STREIF	mai	83 001	Billetinntekt, annonser, Kystsogevekene
Testing av konseptet bussturisme frå Bergen	mai	4 000	SLP
Grusing og vedlikehald av veg til ny utescene	juni	8 500	Radøy kom
Bygging av ny utescene, Solheimsåsen	mai-juli	65 000	Sparebanken Vest, dugnad
A night at the opera - utekonsert og opning av utescenen	aug	60 700	Billetinntekt, sponsor, Kystsogevekene
Møte og befaring med Statens vegvesen, Nordhordland reiselivslag, Sunnhordland regionråd, sykkelvei nr 1 til Nordkapp	aug	1 500	Radøy kommune
Etablering av Brattetaule gård - servering og overnatting	jan-aug		BU
Tilsetting av prosjekteiar	Sep	40 000	SLP sept-des
Lage forslag til vedtekter for Sæbø landskapspark	mai-juni	2 000	SLP-dugnad
Utvikling og opning av nettsider for landskapsparken	okt	25 000	SLP
Geohotell	Under planlegging	15 000	Planlagt brukt 15.000 kr i 2008.
Stifting av landskapsparken som andelslag	okt		
Div styremøter	2008	3 000	SLP-dugnad
Div møter	2008	3 936	SLP
Rydding av kulturlandskap	2008	75 000	SMIL - kontinuerlig
Sti	2008	10 000	SMIL - kontinuerlig
Lønn	2008	3 557	Radøy kommune
SUM		423 193	

REFERAT

SKIPINGSMØTE

Sted:

Sæbø Ungdomshus 6. Oktober 2008

Tilstede:

Styringsgruppen: Olav Steinar Namtvedt, Ottar Olsvoll, Øyvind Thømt,
Ann Christin Hoen og Britt Sissel Kvamme

Fra bygda møtte ca 10 personer.

Dirk Kohlmann, prosjektleder for landskapsarker i Hordaland, var også til stede.

Påmeldte landskapsark medlemmer pr 6.10.08 er 21 personer.

Dirk Kohlmann orienterte kort om landskapsarkprosjektet og om landskapsarkane i Hordaland.

Ottar Olsvoll orienterte om status og planar for Sæbø Landskapsark.

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste blei samrøystes godkjent.

Sak 2 Konstituering

Vedtak:

Møteleder: Olav Steinar Namtvedt

Skriver: Britt Sissel Kvamme

Til å underskriva potokollen: Sissel Borgund Johannessen og Jostein Vågenes

Sak 3 Godkjenning av framleggt til vedtekter

Vedtak: Framlegg til vedtekter blei samrøystes godkjent me følgjande endringar/tillegg:

- Tillegg til § 5: "Utmelding skal skje skriftleg."
- § 8: Spørsmålet om val av styreleiar på årsmøte blei drøfta. Det var semje om at styre skal førebu sak om dette for endeleg godkjenning på førstkommande årsmøte.
Følgjande tillegg blir å ta inn etter 2.avsnitt: "Styret er vedtaksfør når meir enn halvparten av styremedlemmene(3) er til stades."
- Endring av § 10: "Styreleiar, dagleg leiar eller to styremedlemmer kan kvar for seg skriva under for Sæbø Landskapsark, innanfor dei rammer styret set."

Sak 4 Val av styre med varamedlemmer

Vedtak:

Styremedlemmer:
Olav Steinar Namtvedt
Jon Halstein Tjore
Jostein Vågenes
Ingebjørg Olsvoll
Rune Tjore

Varamedlemmer:
1. Ottar Olsvoll
2. Kirsten Storheim

Styret konstituerer seg selv på første styremøte.

Sak 5 Valg av revisor og valnemnd

Vedtak: Styret får fullmakt til å velja revisor og valnemnd

Møtet slutt

Britt Sissel Kvamme
Skrivar

Sissel Borgund Johannessen

Jostein Vågenes

Vedtekter for Sæbø Landskapsark – framlegg

§ 1 Namn

Laget sitt namn er **Sæbø Landskapsark**, og har sitt kontor i Radøy kommune.

§ 2 Føremål

Laget skal leggja til rette for auka bruk av Sæbøbygda og landskapet rundt, på ein slik måte at natur, kultur og landskap vert teke vare på, og slik at næringsdrivande, grunneigarar og folket som bur der opplever det som positivt.

§ 3 Virketid

Laget skal virka fram til ein ny og varig organisasjon vert etablert, førebels planlagt innan utgangen av 2010.

Den nye organisasjonen skal vera bygd på Sæbø Landskapsark sitt verdigrunnlag og føremål.

§ 4 Arbeidsområde og hovudoppgåver

1. Leggja til rette for at eksisterande og nye næringsverksemdar kan:
 - 1 Oppretthalda og vidareutvikla ei lønsam drift, der natur, miljø, kultur, landbruk og landskap er viktige berejmelkar.
 - 2 Utvikla nye produkt med kvalitet og særpreg
 - 3 Oppnå positive effektar ved samarbeid om produktutvikling, marknadsføring og sal
2. Utvikla, etablera og vedlikehalda eit turstinnett i geoturismens ånd
 3. Årleg Streif-arrangement og Kulturfestival
4. Medverka til auka overnattingskapasitet og kunnskapsbasert guideteneste
5. Marknadsføra landskapsarken og dei produkt som fell innunder han
6. Byggja opp og halda ved like nettverk mot offentleg forvaltning, forskningsmiljø og andre landskapsarkar.

§ 5 Medlemmer

Det er frivillig medlemskap for alle som er interessert i prosjektet. Alle kan bidra med idear for å fremja føremål, arbeidsoppgåver og framdrift.

Medlemskontingentet i Sæbø Landskapsark er kr. 200,- pr år. Utmelding skal skje skriftleg.

§ 6 Årsmøte

Årsmøte er laget sitt øvste organ, og skal haldast innan utgangen av april kvart år. Innkalling skal sendast seinast 14 dagar før møte vert halde. Som lovleg innkalling vert og rekna e-post for dei som ønskjer det.

Alle medlemmer har røysterett og er valbare til tillitsverv i laget.

Årsmøte vel styre, revisor og valnemnd, og godkjenner årsmelding, rekneskap, handlingsplan og budsjett.

Fleirtalet i styret skal representera grunneigarar og næringsdrivande i landskapsparken sitt område.

§ 7 Ekstraordinært årsmøte

Styret kan kalla inn til ekstraordinært årsmøte. Styret pliktar til å kalla inn til ekstraordinært årsmøte dersom $\frac{1}{4}$ av medlemmene krev det.

§ 8 Styret

Styret er samansett av fem medlemmer med to varamedlemmer. Styret konstituerer seg sjølv med leiar, nestleiar og kasserar.

Styret er laget sitt øvste organ mellom årsmøta, og skal leia laget i samsvar med føremål, vedtekter og handlingsplan. Styret har det overordna ansvaret for drifta, og handsamar alle saker som ikkje etter vedtektene skal leggjast fram for årsmøte.

Styret er vedtaksfør når minst halvparten av styremedlemmene er tilstades.

Styreleiar og styremedlemmer vert valde for to år. To varamedlemmer i rekkjefølgje vert valde for eitt år om gongen.

Ved første val etter konstituering går to styremedlemmer ut etter loddtrekning.

§ 9 Økonomi

Sæbø Landskapspark har fått offentlege midlar til å arbeida med ovannemnde oppgåver.

Styrer og dagleg leiar skal arbeida for å skaffa prosjektfinansiering til dei ulike prosjekta som vert sett i gong.

Dei næringsdrivande deltek i finansiering av marknadsføring og salsfremjande tiltak.

§ 10 Underskrift

Styreleiar, dagleg leiar eller to av styremedlemmene sama kan kvar for seg skriva under for Sæbø Landskapspark, innafør dei rammene styret set.

§ 11 Vedtektsendring

Endringar i desse vedtektene kan gjerast av årsmøte med $\frac{2}{3}$ fleirtal av dei frammøtte.

§ 12 Oppløysing

Laget vert oppløyst når ein ny og varig organisasjon vert etablert

Desse vedtektene er godkjente på skipingsmøte for Sæbø Landskapspark .6 oktober 2008

Rapport fra Sæbø Landskapsark 2008

Sæbø Landskapsark ser seg godt fornøyd med arrangementene i 2008

- Streif
- Opera i Solheimåsen på den nye scenen
- Åpning av nettside
- Skipingsmøte
- Prosesser

Streif arrangement 30.april – 1.mai

Arrangementet var et samarbeid med Sæbø Ungdomslag, Keipane Kystlag og Sæbø Landskapsark. Sæbø Landskapsark fikk utarbeide programmet. Med god omtale i avisene, annonsering og brosjyrer så har Streif blidt ett godt innarbeidet arrangement som bygdefolk og besøkende setter stor pris på.

Sæbø Ungdomslaget står for faste innslag i Ungdomshuset:

Frokost, middag, kaffe, kaker, utstilling av foto, maleri og tegninger og ikke minst gode historier fra gamle dager

Ute: Ungdomslaget arrangerer aktiviteter for barn og unge.

Andre aktiviteter:

Tjore Gardsmat med lokalprodusert mat

Tjorehagen m/guida tur

Guttorm Storheim sin utstilling av gamle motorer hjemme på Kalneset

Gro og Einar Borgund bidrar med guida tur og gammel historie fra Røysaflata der fallosen står. Keipane kystlag arr div aktiviteter for barna i Sæbøvågen på "Slippen"

Nye Aktiviteter i år:

Kveldskonserten i kirken 30. april

Veteranbuss fra Bergen, et tilbud for tilreisende.

Aktiviteter for barn på Solheim Gard

Den nye scenen på Solheimåsen

Med god omtale i avisene og annonsering.

Søndag 17.august kl 21.00 var det åpning av den nye utescenen på Solheimåsen.

Konserten "A Night at the Opera" var en stor suksess med omlag

300 betalende personer. Pent vær og en flott kveld med måneskinn, gjorde konserten fullkommen. Konserten fikk mange positive tilbakemeldinger.

Åpning av nettside

Sæbø Landskapsark har fått utarbeidet sin egen nettside og det gjenstår små justeringer for vi er i mål, slik at nettsiden kan gjøres offentlig.

Skipingsmøte

Skipingsmøte i Sæbø Ungdomshus 6. Oktober 2008. Styret ble valgt med 7 representanter og på første styremøte, konstituerte styret seg selv. Fra bygda møtte ca 10 personer. Dirk Kohlmann, prosjektleder for landskapsarker i Hordaland, var også til stede.

Prosesser/utredning som igangsettes:

- Geohotell
- Opplæring av guider
- Turstier og merking
- Overnatting
- Gråsteinsmuring

Medlemmer

Det er registrert 31 medlemmer i Sæbø landskapspark, pr 07.11.2008